

***Kjære alle foreldre/føresette!***

Velkommen til «foreldredagen» på Framnes **laurdag 4. november 2017**. Dette er ein viktig dag for å knyte kontakt mellom skule og heim, og me vonar at de kan sjå dykk i stand til å setje av mykje tid til Framnes denne dagen.

Det er fleire viktige møtepunkt. Den eine er samtalen med kontaktlærer. De melder dykk sjølv på til denne samtalen. (Kontakt skjema er vedlagt.) Ønskjer de eit spesielt tidspunkt, må de vere tidleg ute, her gjeld prinsippet om første mann til mølla. Det er også ønskjeleg at de les gjennom kommentarar som den enkelte faglærer har skrivne på Iskole. Kontaktlærer kan gi informasjon om alle fag.

Klassesamlingane er eit anna møtepunkt. Me ønskjer både elevane og foreldre velkomne til denne samlinga! I år ønskjer me å utfordre foreldre og elevar til å drøfte følgjande saker/tema:

- Framnes sin rusplan (sjå 2 vedlegg)
- Evt andre tema som kontaktlærer vil ta opp

Eit tredje møtepunkt, er samlinga klokka 20.00 om kvelden. Her har miljøavdelinga og elevgruppa for misjonsprosjektet i fleire år laga til eit flott møte med fokus på misjonsprosjektet. Me ønskjer alle velkomen til denne samlinga!

Elevane inviterer også i år alle foreldre til å delta i Misjonsløpet. Misjonsløpet er ei viktig inntektskjelde for elevane sitt misjonsprosjekt. Det hadde vore flott om mange kunne vere med

på dette, enten som heilagjeng eller deltakar. *Løpet begynner kl. 09.45.*

De finn nærare informasjon om program og betaling for mat på baksida.

Vel møtt!

Med helsing

Framnes kristne vg. skule

Jostein Moldsvor, fung. rektor

3 vedlegg

*PS: Interesserte kan ta med badetøy. Me reknar med at misjonsprosjektet arrangerer ope basseng.*

**Program for dagen vert slik:**

Kl. 08.00 - 09.30 Undervisning etter eigen timeplan

” 09.45 - 11.15 Kroppsøving. (**Misjonsløpet**)

” 11.45 - 12.30 Fellessamling i Framnes Arena.

**NB! Forskjellig program for VG1, VG2 og VG3:**

VG1

” 12.30 - 13.00 Felles orientering om fagval for komande skuleår, VG1.  
Stad: Auditoriet.

” 13.00 - 14.30 Klassemøte for elevar og foreldre, leia av foreldrerådsrepr.

Stad: 1A i Fysikkrom 2. etg, 1B i Personalstova, 1C i klasserom C

” 14.30 - 18.30 Elevar m/foreldre kan møta kontaktlærer el. andre.  
*Påmelding skal skje direkte til kontaktlærer/andre – sjå vedlegg!*

#### VG2 OG VG3

” 12.30 - 14.00 Klassemøte for elevar og foreldre, leia av foreldrerådsrepr.

Stad: klassen sitt klasserom.

” 14.00 - 18.30 Elevar m/foreldre kan møta kontaktlærer el. andre tilsette.  
*Påmelding skal skje direkte til kontaktlærer/andre – sjå vedlegg!*

**GJELD ALLE KLASSETRINN**

” 15.30 - 18.00 Foreldrerådsmøte – **rom 7**. (Me kan slutte tidlegare, dersom me vert ferdige.)

” 15.15 Misjonsprosjektet sin basar/bingo i **Peisestova**

” 20.00 - 21.30 Møte i regi av miljøavdelinga. **Stad:** Peisestova.

### **Måltider:**

**Kl. 13.00 - 15.00** Middag

” **19.00 - 19.45** Kvelds

**Pris for middag** (påfyll er gratis, kvelds er inkludert)

Vaksen: 100,-

Born: 50,-

Familie: 200,-

***NB! Me bed om innbetaling til kontonr 3000.17.21034. Merk betalinga: Mat foreldredag***

Frist for betaling 5. november.

**Kafè i peisestova o.a. tiltak for misjonsprosjektet**

*Skulen har dessverre ikkje ledige rom til overnatting for dei som ønskjer å vere heile helga.  
(Familie kan sjølvsagt bu på elevrom.)*

***Treng de overnatting, kan de kontakta:***

*Oddland camping, Vikøy tlf 90 79 55 52*

Torbjørn Vågen, rom – og hytteutleige, Vikøy 56 55 25 21/90 93 40 06

Thon Hotel Sandven, Norheimsund 53 00 44 50

Hardangerfjord Hotell, Øystese 56 55 63 00